

**Fra:** Hanne Espe (Hanne.Espe@hfk.no)

**Sendt:** 07.04.2017 11:32:06

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:** Marte Hagen Eriksrud; Britt Karen Spjeld

**Emne:** 2015/10633

**Vedlegg:** image001.png

Hei

Innspel til Regional transportplan frå Kultur og idrettsavdelinga, seksjon for idrett og friluftsliv

Innleiingsvis vil vi spørje om ikkje regional kulturplan også bør vere med under regionale føringsdokument?

3.1.3 Vi er positiv til at det skal satsast på kartlegging, og håpar slikt materiale vert tilgjengeleg for heile organisasjonen

7.4.4 Positiv til satsing på sykkel, som er eit satsingsområde på ulike nivå for vår avdeling og også nasjonalt. Vi ser gjerne at arven etter sykkel VM får meksemd på eit tverrfagleg nivå

8.3 I strategien heiter det: *Etablere hovudnett for sykkel. Prioritere hovudruter og ruter knytt til skule og tilbod for barn og unge.* Det er viktig at ein i samband med utvikling av sykkelruter til skule og fritid også har gode tankar for sykkelparkering og liknande. Brukarmedverknad er viktig i utvikling av gang og sykkelnett.

8.3.3 Tilrettelegging for sykkel og gange er på tvers av våre fag – og oppdatering av kunnskapsgrunnlaget vil kunne fremme dette arbeidet. Jf arven etter sykkel VM (td gjennom forskning)

På vegne av KIA, seksjon for idrett og friluftsliv,

**Hanne Espe**

Spesialrådgjevar

Kultur og idrettsavdelinga | Idrett og friluftsliv



Tlf: 55 23 91 78

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no) | [www.facebook.com/aktivkvardag](https://www.facebook.com/aktivkvardag)